



Entreprenør A. Birkeland AS
v/Bjørnar Birkeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1108 - 17/7223

Sakshandsamar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.11.2017

Melding om delegert vedtak - søknad om planering av naustområdet - gbnr 5/70, Skjelsundet.

Vi syner til søknad motteke den 10.11.2017

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 125/2017

Masfjorden kommune ved rådmann viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om planering av naustområdet, gbnr5/70, Skjelsundet.

Søknad med vedlegg mottatt 10.11.2017, vert godkjent på fyljande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan som mottatt 10.11.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Det skal gjevast ferdigattes før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngeving:

Tiltaket er i trå med reguleringsplan for Skjelsundet naustområdet.

Heimel:

Reguleringsplan Skjelsundet naustområdet.

§ 20-1 plan – og bygningslova.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

Entreprenør Ansgar Birkeland AS, 5986 Hosteland, 939555420, vert godkjent som ansvarleg for heile tiltaket, som omsøkt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Basisgebyr konstruksjon og anlegg 5200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om planering av naustområdet, gbnr 5/70, Skjelsundet.

2. Uttale

Nabovarsling:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan – og bygningslova § 21-3. Ingen merknadar i til nabovarslinga.

3. Fakta

Tiltaket gjeld søknad om planering av naustområdet, gbnr5/70, Skjelsundet.

Tiltaket vert å sprengje og planere areal for etablering av naust. Søknaden er i trå med reguleringsplan for området.

4. Vurdering

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Søknaden er i trå med reguleringsplan for Skjelsundet, plan ID 1266 20160003

5. Konklusjon

Jf, vedtak

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Skjelsundet Utvikling AS

Areklettvegen 96 5986

HOSTELAND

Mottakarar:
Entreprenør A. Birkeland AS